

Turvegar i Naustdal kommune. Prosjekt «Over Stokk og Stein»

Oversikt over turvegar som er merka etter nasjonal standard, i Naustdal kommune:
List of paths that are marked according to national standards, in Municipality of Naustdal:


		Gradering Level	Høgdeskilnad m.o.h. Altitude, low/high m.a.s.l.	Lengde Distance t/r	Tid Time t/r
Tur / tour 1:	Gullbrua – Vindkjegla		150 – 688	5,0 km.	2,5 timar / hours
Tur / tour 2a:	Tuftedalen – Blånipa		355 – 1121	11,2 km.	5 timar / hours
Tur / tour 2b:	Tuftedalen – Blåhølen		355 – 525	2,8 km.	1 time / hour
Tur / tour 3:	Kringla – Steinkorsen		315 – 762	6,0 km.	2,5 timar / hours
Tur / tour 4:	Kringla – Vindkjegla		315 – 688	6,4 km.	2,5 timar / hours
Tur / tour 5:	Kringla – Blåfjellet		315 – 791	14,2 km.	5 - 6 timar / hours
Tur / tour 6:	Bunestølen – Blåfjellet		270 – 791	10,8 km.	4 timar / hours
Tur / tour 7:	Kleppstølen – Smådalsnipa		423 – 930	7,2 km.	2,5 - 3 timar / hours
Tur / tour 8:	Teigen – Varlivatnet – Vinddalsvatnet – Teigen		330 – 830	12,5 km.	5 - 6 timar / hours
Tur / tour 9:	Reina – Trodal		377 – 470	7,4 km.	3 timar / hours
Tur / tour 10:	Reina – Sandfjellet		377 – 1249	11,2 km.	5 timar / hours
Tur / tour 11:	Redal – Nordvikstølsvatnet – Nordvikstølen – Redal		20 – 465	4,9 km.	2 timar / hours
Tur / tour 12:	Lonebrua – Grimsetstølen		375 – 560	9,0 km.	2,5 timar / hours
Tur / tour 13a:	Reiakvam – Bolteheia		87 – 740	7,8 km.	3 timar / hours
Tur / tour 13b:	Reiakvam – Bolteheia – Reiakvamstølen – Reiakvam		87 – 740 – 390	12,7 km.	4 - 5 timar / hours
Tur / tour 14:	Kvernhushaugane – Svistølen		220 – 363 – 322	4,1 km.	2 timar / hours
Tur / tour 15:	Mortensbakke – Naregga		130 – 602	7,3 km.	3 timar / hours




Tur 1 Gullbrua – Vindkjegla : Toppvarden
Foto: Gunnar Naustdal




Tur 2 Tuftedalen – Blånipa : Ved Tjørnadalen
Foto: Liv Lien



Tur 3 Kringla – Steinkorsen : Kringlevatnet
Foto: Jan N. Erdal



Tur 4 Kringla – Vindkjegla : Ovanfor stolane
Foto: Jan N. Erdal



Tur 5 Kringla – Blåfjellet : "Vest i havet"
Foto: Henning Malones




Tur 6 Bunestølen – Blåfjellet : Frammarsvikstølen
Foto: Henning Malones



Tur 7 Kleppstølen – Smådalsnipa : Bekk ved Stehoggestølen
Foto: Jan N. Erdal



Tur 8 Teigen – Varlivatnet – Vinddalsvatnet : Varlivatnet
Foto: Henning Malones



Tur 11 Redal – Nordvikstølsvatnet – Nordvikstølen : Frå Nordvikstølen
Foto: Åsmund Berthelsen



Tur 12 Lonebrua – Grimsetstølen : Huksetstølen
Foto: Vidar Aase




Tur 13 Reiakvam – Bolteheia : Sauer på tur!
Foto: Jan N. Erdal



Tur 14 Kvernhushaugane – Svistølen : Heia
Foto: Kenneth Naustdal



Tur 15 Mortensbakke – Naregga : Brunavatnet
Foto: Jan N. Erdal



PROSJEKT
OVER STOKK OG STEIN




Du er her
You are here



Her ble bilde tatt
Point photo was taken



Naustdal - 15 Turar / tours




Lett
Easy



Middels
Middle



Krevjande
Challenge



Ekspert
Expert

Gullbrua

150 m.o.h.

Tur 1 – Vindkjegla

Høgdeskilnad, m.o.h. /
Altitude, low / high, m.a.s.l : 150 – 688
Lengde / Distance t/r : 5,0 km.
Tid / Time t/r : 2,5 timar / hours
Frå / From : Gullbrua



Foto: Gunnar Naustdal



Foto: Jan N. Erdal





Foto: Jan N. Erdal

Frå parkeringa går ein eit lite stykke nedover kommunevegen, krysser brua og tek skogsvegen til høgre oppover i lia retning Vindkjegla. Det er jamn stigning etter skogsvegen til ein kjem til Smaleberget. Her er fin utsikt mot gardane i Naustdalslia. Vidare går ein på smalare sti i eit brattare terreng til ein kjem til Rypehola. Her er det fin utsikt oppover Naustedalen og byggefeltet i sentrum. No kjem ein opp over skoggrensa, det er her eit parti med bratt stigning før terrenget flatar ut og ein kan sjå «Telenorspeilet» i retning toppen. Når det er passert vil ein sjå varden like bortanfor. På toppen er det flott utsikt mot Heilefjellet og Storehesten samt innover / utover Førdefjorden.

Alternativ retur er å fylgje merka sti via Mallasvikstølen til Kringla. (*tur 4*)

From the car park, walk a little further down municipal road, cross the bridge and turn right along the forest road up the hillside towards Vindkjegla. After the forest road, steady rise until you get to “Smaleberget”. Here you will have a nice view towards farms in Naustdalslia. Then on a more narrow path in a steeper terrain until you get to “Rypehola”, with nice views towards valley of Naustdal, and residential area in center of Naustdal. You will then cross the timber line, and enter a steep area before the terrain levels out and you can spot the “Telenor Antenna” towards the top. Just past the antenna is the cairn, marking the top, with grand views towards “Heilefjellet” and “Storehesten” and other mountains along the Førdefjord.

Alternative return is following the marked trail through “Mallasvikstølen” to Kringla. (*route 4*)



Tuftedalen

355 m.o.h.

Tur 2a – Blånipa

Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l : 355 – 1121

Lengde / Distance t/r : 11,2 km.

Tid / Time t/r : 5 timar / hours

Frå / From : Tuftedalen



 Følg vegen 400 m. opp til skytebana og ta så til venstre og opp langs sti i Tuftedalen. Ver varsam og hald godt til venstre dersom det er aktivitet på skytebana. Raudt flagg oppe ved skyting. Etter ein halvtime kjem ein opp til stidelet under Ørneklumpen der ein kan ta av til Blåhølen. Ruta til Blånipa går under Ørneklumpen og vidare over elva på vad. Herifrå skrått oppover til ein kjem opp på første høgda. Herifrå kan ein sjå toppen på Blånipa. Følg ryggen eit stykke austover og sving så mot nord i retning toppen. Her er det noko stigning før ein kjem opp på siste flate partiet. Vidare bratt opp mot toppen. Flott utsikt mot m.a. Ålfotbreen i nord.

 Follow the road 400 m. up to the shooting range, turn left and follow the path up the valley, "Tuftedalen". Be cautious, and keep well to the left if there is activity at the shooting range. Red flag will be up during shooting activity. After half an hour you reach the fork below "Ørneklumpen" where you can take off to Blåhølen. (route 2b) The route to Blånipa goes below "Ørneklumpen" and further wading across the river. After having reached the first height you can see the top of "Blånipa". Follow the ridge some distance eastward and then turn north towards the top. Here are some hills before you enter the last flat part of the route, and then steeply to the top. Great views, for instance to the glacier "Ålfotbreen" in the north.

Tur 2b – Blåhølen

Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l : 355 – 525

Lengde / Distance t/r : 2,8 km.

Tid / Time t/r : 1 time / hour

Frå / From : Tuftedalen



 Følg vegen 400 m. opp til skytebana og ta så til venstre og opp langs sti i Tuftedalen. Vis aktsamd og hald godt til venstre dersom det er aktivitet på skytebana. Etter ein halvtime kjem ein opp til stidelet under Ørneklumpen. Herifrå er det 200 meter bort til Blåhølen der det er mogeleg å ta ein forfriskande dukkert / symjetur.

 Follow the road for 400 m. up to the shooting range, turn left and follow the path up the valley "Tuftedalen". Be cautious, and keep well to the left if there is activity at the shooting range. Red flag will be up during shooting activity. After half an hour you reach the fork below "Ørneklumpen" where you take off to Blåhølen. From here it is 200 meters to the lake "Blåhølen" where it is possible to have a refreshing dip / swim.




Foto: Liv Lien




Foto: Pål Arve Myklebust







Foto: Henning Malones



Kringla

315 m.o.h.

Tur 3 – Steinkorsen


Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l : 315 – 762

Lengde / Distance : 6,0 km.

Tid / Time t/r : 2,5 timar / hours

Frå / From : Kringla



Tur 4 – Vindkjegla

Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l : 315 – 688

Lengde / Distance : 6,4 km.

Tid / Time t/r : 2,5 timar / hours

Frå / From : Kringla



Tur 5 – Blåfjellet


Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l : 315 – 791

Lengde / Distance t/r : 14,2 km.

Tid / Time t/r : 5-6 timar / hours

Frå / From : Kringla



 Følg stien langs elva og sidan på stølsvegen til Kringlestølen. Bratt og steinete sti, men den er forholdsvis lettgått. Sidan i flatare terreng til Mallasvikstølen, 200 m. forbi stølen deler stien seg. Ta stien til venstre opp mot Kringlevatnet, her er det fint å raste. Deretter går turen på god sti opp på høgda over Kringlevatnet og vidare i lett / småkupert terreng mot varden på Steinkorsen. (762 m.o.h.) Fin utsikt mot Ålfotbreen i nord , Blåfjellet og Håsteinen i vest.

 Follow the path along the river and then along the road to “Kringlestølen”. Steep and rocky path, but relatively easily passed. Then in the flatter terrain to “Mallasvikstølen”. 200 m past “Mallasvikstølen” the trail splits. Take the path to the the left towards “Kringlevatnet”, which is a nice place to rest. Then continue on a good path on to the height above “Kringlevatnet” and further on easy / hilly terrain towards the cairn on “Steinkorsen” (762 m.a.s.l.) Nice view towards the glacier “Ålfotbreen” in the north. The mountains “Blåfjellet” and “Håsteinen” in west.

 Følg stien langs elva og sidan på stølsvegen til Kringlestølen. Bratt og steinete sti men den er forholdsvis lettgått. Sidan i flatare terreng til Mallasvikstølen, 200 m. forbi stølen deler stien seg. Ta til høgre og gå over elva og mot Fjellsenden. Her er eit lite stykke med steinur, og så opp ein bratt kneik. Oppe på kanten er det fin utsikt over Naustdalsstølane. Stien går flatt eit stykke til skilt mot Vindkjegla, så over eit myrområde til Tverrhamrane. Herifrå opp ein kneik og vidare innover til toppen. Går ein litt mot sør, får ein god utsikt over heile Førdefjorden. Denne turen bør ein ikkje gå om vinteren p.g.a. bratt terreng ved Fjellsenden. Alternativ retur er å fylgje merka sti til Gullbrua. (**tur 1**)

 Follow the path along the river and then along the road to “Kringlestølen”. Steep and rocky path, but relatively easily passed. Then in the flatter terrain to “Mallasvikstølen”. 200 m past “Mallasvikstølen” the trail splits. Turn right and cross the river towards “Fjellsenden” Here is a short pass through a scree, and then up a steep hill, upon which there is a nice view over “Naustdalsstølane”. The trail then goes flat for a while to the sign for “Vindkjegla”, then over a marshy area to “Tverrhamrane”. From here a short steep section and further up to the top. Going a bit south, you will get a good view over the Førdefjord. This trip is not suitable in the winter due to steep terrain by “Fjellsenden”. Alternative return is to follow the marked trail to “Gullbrua”. (**route 1**)

 Følg stien til Steinkorsen (**tur 3**) Frå Steinkorsen ser ein Blåfjellet i vest , mellom Blegja og Håsteinen. Stien går i lett kupert terreng over Sletteheia mot sør- enden av Langevatnet med utsikt over Frammarsvikstølen, sidan over høgda til Bygdavatnet. (Fin bade plass) Vidare i lett terreng mot vest til ein kjem inn på stien frå Bunestølen. Litt stigning mot toppen. Utsikt over Redalen og til Svanøya. Alternativ retur er å fylgje merka sti til Bunestølen. (**tur 6**)

 Follow the path to the “Steinkorsen” (**route 3**) From “Steinkorsen” You can spot “Blåfjellet” to the west between the mountains “Blegja” and “Håsteinen” The trail passes over “Sletteheia” towards the the south end of lake “Langevatnet” with views of “Frammarsvikstølen”. Then over the height to lake “Bygdavatnet”. (Nice place to swim) Furthermore, in easy terrain to the west until you get on the path from “Bunestølen”. Some elevation to the top with view over “Redalen” towards “Svanøya”.

Alternative return is following the marked trail to “Bunestølen”. (**route 6**)



Foto: Jan N. Erdal



Foto: Jan N. Erdal






Foto: Henning Malones



Bunestølen

270 m.o.h.

Tur 6 – Blåfjellet

Høgdeskilnad, m.o.h. /
Altitude, low / high, m.a.s.l : 270 – 791
Lengde / Distance : 10,8 km.
Tid / Time t/r : 4 timar / hours
Frå / From : Bunestølen



Frå parkeringa ved infotavla litt nedanfor Bunestølen følgjer ein vegen opp til Bunestølen. Turen er herifrå godt merka med skilt og retningspiler heile vegen opp, og kan gåast både til fots og på ski. Første del av turen går på skogsveg med lett stigning, og ein litt bratt bakke. Ved enden av skogsvegen går stien over ei steinbru, og vidare i lett stigning, så over eit myrlendt parti som kan vere litt vått. Vidare variert grad av stigning opp til Frammarsvikstølen. Dette er eit fint turmål om ein ynskjer ein kortare tur. (ca. 2 t. tur / retur)

Frå Frammarsvikstølen utover mot Blåfjellet er det godt merka sti med retningspiler som ein følgjer i jamn stigning utover stølsbotnen. Etter å ha passert litt ovanfor Merkingsvatnet vil ein sjå toppen på Blåfjellet i nordvest, her er ein om lag midt mellom stølen og Blåfjellet. Nokre stader er også merka med små vardar, og ved eit punkt er det eit høgt juv. Ikkje så langt frå toppen møter ein stien som kjem frå Steinkorsen og Kringla. Frå toppen av Blåfjellet er det fin utsikt utover mot øyane og havet i vest, mot Heilefjellet og Blegja i sør og mot Ålfotbreen i nord. Alternativ retur er å fylgje merka sti til Steinkorsen og Kringla. (**tur 3 og 5**)

From the car park at the information board slightly below “Bunestølen”, simply follow the road up to “Bunestølen”. The walk from here is well marked with signs and directional arrows all the way, and can be walked both on foot and on skis. The first part of the walk on forest track, with gentle gradient , and a slightly steeper hill. At the end of the forest road the path crosses a stone bridge. Then after a slight incline, over a marshy area that may be slightly wet. Further varied degrees of incline up to “Frammarsvikstølen”. This is an excellent hiking destination if you wish a shorter trip. (About 2 hours total)

From “Frammarsvikstølen” is well marked path with directional arrows leading to you towards “Blåfjellet”. After passing slightly above “Merkingsvatnet” you can spot the top of “Blåfjellet” in northwest. You will now be half way between “Frammarsvikstølen” and “Blåfjellet”. Some places are also tagged with small cairns, and at a point there is a high ravine. Closer to the top you will meet the path from “Steinkorsen” and “Kringla”. From the top of “Blåfjellet” you will have nice view out towards the islands and the sea to the west , towards “Heilefjellet” and “Blegja” to the south, and glacier “Ålfotbreen” in the north. Alternative return is to follow the marked trail to “Steinkorsen” and “Kringla”. (**route 3 and 5**)





Foto: Henning Malones



Foto: Henning Malones



Foto: Henning Malones



Kleppstølen

423 m.o.h.

Tur 7 – Smådalsnipa



Høgdeskilnad, m.o.h. /
Altitude, low / high, m.a.s.l : 423 – 930
Lengde / Distance t / r : 7,2 km.
Tid / Time t / r : 2,5 – 3 timar / hours
Frå / From : Kleppstølen

 Følg merkinga nordover langs traktorvegen til enden av vegen. Vidare på sti forbi Stehoggestølen. Rett etter stølen tek ein til høgre over ei lita elv og følger stien slakt oppover mot Lågeheia. No svingar stien nordover og ein kjem inn i brattare terreng. Terrenget vidare mot toppen er lett kupert med nokre bratte parti. På toppen er det flott utsikt i alle retningar. Det er mogeleg å forlenge turen til andre toppar som Blåfjellet og Krunene (umerka)

 Follow the marked trail north along the road to end of road. Further- more follow the path past “Stehoggestølen”, where you turn right over a small river and follow the trail up the slack against “Lågeheia”. Now the path turns north and you enter into steeper terrain. The terrain towards the top is undulating with some steep parts. At the top there are great views in all directions. It is possible to extend your trip to other peaks like “Blåfjellet” and “Krunene” (unmarked)



Foto: Jan N. Erdal



Foto: Kari Stokkebekk




Foto: Kari Stokkebekk



Foto: Henning Malones



Foto: Jan N. Erdal



Teigen

330 m.o.h.

Tur 8 – Teigen - Varlivatnet - Vinddalsvatnet - Teigen (rundtur)



Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l: 330 – 830

Lengde / Distance : 12,5 km.

Tid / Time t/r : 5-6 timar / hours

Frå / From : Teigen

 Følg skogsvegen frå Teigen vel 1 km opp til vegdele. Til Varlivatna følgjer ein skogsvegen rett fram til Teigastølen. Derifrå merka sti vidare til vad i Kvanngrodden. Vadet kan vere vanskeleg å krysse ved høg vass- føring. Etter vadet følg merka og varda sti mot Varlivatna. Vidare over utløpsbekk og på nordsida av Varlivatna til postkassen som er plassert mellom vatna. Følg varda sti opp i skardet til turen sitt høgaste punkt (830 m.o.h.) Herifrå er det nedoverbakke til utløpsosen i Vinddalsvatnet. Stien er merka vidare med m.a pålar i ope terreng ned Vinddalen. Vel nede i skogen svingar stien mot aust og følgjer ei gamal sauerås langs etter Langedalen. Stien svingar så sørover og ned til Savlandsstølen. Derifrå over hengebru og tilbake til vegdelet. Herifrå same vegen tilbake til Teigen.

 Follow the forest road from Teigen about 1 km to an intersection. To Varlivatnet follow the forest road straight to "Teigastølen". From there the marked path continues to wade over river in "Kvanngrodden". Crossing the river can be difficult at times with high water.

After wading the river follow the marked trail and cairns towards "Varlivatnet". Continue on the north side of "Varlivatnet" to the mailbox that is located between the lakes. Follow trail and cairns to the highest point (830 m.) From here it is downhill to the outlet in "Vinddalsvatnet". The trail is marked further with poles in the open terrain down the valley "Vinddalen". Well down in the forest area, the path turns towards east along "Langedalen". The path then turns southwards down to "Savlandsstølen". From there, over a bridge and back to the forest road intersection. From here the same route back to Teigen.






Foto: Henning Malones



Foto: Henning Malones



Foto: Henning Malones



Reina

377 m.o.h.

Tur 9 – Trodal



Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l : 377 – 470

Lengde / Distance t / r : 7,4 km.

Tid / Time t / r : 3 timar / hours

Frå / From : Reinen

 Turen startar ved fjøsen på Reina. Ta omsyn til beitande dyr i området. Følg skogsveg opp til hytte på toppen av Reina. Her er det stidele for turen til Sandfjellet. Ta til høgre i stikryss og følg godt merka sti innover lia. Ved Reinegjelet deler stien seg og ein kan velje om ein ynskjer å gå øvre eller nedre råk. Rett før Årevikja nede ved Trodalsvatnet møtast stiane igjen og ein går vidare langs vatnet fram til Trodalsstranda. Alternativ tur vidare på sti retning Angedalen i Førde kommune.

 The tour starts at the barn at farm “Reina” (Show resepect to grazing animals) Follow the forest road up to the cabin on top of Reina. Here is a path fork for the trip to “Sandfjellet”. Choose the path to the right and follow the well-marked path along the hillside. By “Reinegjelet” the path splits again and you can chose to walk upper or lower leads. Just before “Årevikja” down by the lake “Trodalsvatnet” the paths meet and continues along the lake until “Trodalstranda” Alternative trip continues on a path towards “Angedalen” in municipality of Forde.

Tur 10 – Sandfjellet



Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l : 377 – 1249

Lengde / Distance t / r : 11,2 km.

Tid / Time t / r : 5 timar / hours

Frå / From : Reinen

 Turen startar ved fjøsen på Reina. Ta omsyn til beitande dyr i området. Følg skogsveg opp til hytte på toppen av Reina. Her er det stidele for turen til Trodal. Ta til venstre i stikryss , her er jamn stigning opp til Bruflotstølen. (520 m.o.h.) Stien går vidare på nordaustsida av Reineklubben og ein går vidare opp dalen på høgre side av elva. Terrenget innover i dalen er slakt før ein dreier til venstre og tek til på stigninga opp til Nordavatnet. Her er fine rasteplassar ved elva som renn ut av vatnet. Etter å ha kryssa elva går ein rett opp dalen retning Høgefjellet. Her må ein svinge til høgre og følgje fjellryggen opp mot toppen. Bratt stigning før ein kjem inn på eit flatare parti før toppen. Du kan sjå tre isbrear frå Sandfjellet : Ålfotbreen, Jostedalsbreen og Grovabreen.

 The tour starts at the barn at farm “Reina” (Show resepect to grazing animals) Follow the forest road up to the cabin on top of “Reina”. Here is a path fork for the trip to “Trodal”. Choose the path to the left, with steady elevation up to “Bruflotstølen”. (520 m.a.s.l.). The path continues on the north eastern side of “Reineklubben” and continues up the valley on the right side of the river. The terrain is slowly rising before one turns left and starts ascending up to “Nordavatnet”. Here you can find nice resting areas along the river that flows out of the lake. Having crossed the river, you walk straight up the valley towards Høgefjellet, where you turn right and follow the ridge toward the top. Steep climbing before you reach a flatter section leading to the top of “Sandfjellet”. From the top you can spot three glaciers, “Ålfotbreen”, “Jostedalsbreen” and “Grovabreen”



Foto: Gunnar Naustdal



Foto: Janne L. Svorstøl




Foto: Ruth Signe Bruflot



Foto: Ruth Signe Bruflot



Foto: Janne L. Svorstøl




PROSJEKT
OVER STOKK OG STEIN



Naustdal - Tur 9 og 10




Du er her
You are here




Lett
Easy



Middels
Middle



Krevjande
Challenge



Ekspert
Expert

Redal

20 m.o.h.

Tur 11 – Redal - Nordvikstølsvatnet - Nordvikstølen - Redal (rundtur)



Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l: 20 – 465

Lengde / Distance : 4,9 km.

Tid / Time : 2 timar / hours

Frå / From : Redal

 Gå nordover på fylkesveg 611 og ta til høgre der riksvegen svingar vest-
over. Dei fyrste hundre metrane er svak stigning på grasdekt traktorveg.
Om sommaren er her dyr på beite. Traktorvegen går over i ny veg og
seinare sti som er steinlagt. No går det bratt oppover i hasselskogen til kryssing av
Stølselva for fyrste gong. Vidare er det også steinlagt sti som slynger seg oppover
på vestsida av Stølselva. Rett før krysset der ein kan ta av direkte til Nordvikstølen
er det rydda utsikt med ein enkel sitteplass. Her er det flott utsikt til Redal og
bort på eit anna turmål , Naregga. Etter kvart som ein tek seg oppover vert det
mindre stein i stien. Stølselva vert kryssa for andre gong oppe på eit platå. Vegen
vidare går i bjørkeskog og langs Stølselva til Nordvikstølsvatnet. Då kan det ein fin
sommardag høve med eit bad. Og fisken vaker. Turen vidare til Nordvikstølen går
flatt bortover, for så å gå nedover mot stølen der det er både heile hus og restar
av hus. Studer den flotte fjøsmuren og sjå ut gluggen, rett ned i grenda Redal og
bort mot Naregga, Heilefjellet og Blegja. Med eit vårgroent Redal og eit vinterkvitt
Blegja er dette eit flott syn. Turen går vidare svakt nedover i bjørkeskogen. Så går
det på nytt bratt nedover mot krysset der ein tok av til Nordvikstølsvatnet.

 Go north on county road 611 and turn right where the road turns west.
The first hundred meters are slightly rising on grass-covered tractor
road. During summer time here will be grazing animals. Tractor road
goes over to newer road and later a paved trail. The trail goes uphill in hazel
woods to the first crossing of “Stølselva”. Furthermore paved trail that winds up-
wards on the western side of “Stølselva”. Just before junction where you can take
off directly to “Nordvikstølen” is a good viewing spot with simple sitting arrange-
ment – beautiful view to “Redal” and “Naregga”. Reaching top of a plateau the river
“Stølselva” is to be crossed for the second time. The trail then goes through a birch
forest and along “Stølselva” to “Nordvikstølsvatnet”, with opportunity for a swim
on summer days. The tour continues in flat terrain, then go down towards “Nord-
vikstølen” with both houses in function and remains of older buildings. Study
the great barn wall and look out the porthole, right down to “Redal” and towards
mountains “Naregga”, “Heilefjellet” and “Blegja”. In springtime the green “Redal”
towards snow white “Blegja” is a wonderful sight. The walk continues slightly
down in the birch forest, and then again steeply down towards the junction with
road to “Nordvikstølen”.



Foto: Åsmund Berthelsen



Foto: Åsmund Berthelsen




Foto: Åsmund Berthelsen



Foto: Åsmund Berthelsen



Foto: Jan N. Erdal




PROSJEKT
OVER STOKK OG STEIN



Naustdal - Tur 11




Du er her
You are here




Lett
Easy



Middels
Middle



Krevjande
Challenge



Ekspert
Expert

Lonebrua

375 m.o.h.

Tur 12 – Grimsetstølen

Høgdeskilnad, m.o.h. /
Altitude, low / high, m.a.s.l : 375 – 560
Lengde / Distance t/r : 9 km.
Tid / Time t/r : 2,5 timar / hours
Frå / From : Lonebrua



 Turen til Grimsetstølen går på stølsveg og egnar seg mellom anna fint for sykling eller til å trille barnevogn. Turen starter ved å krysse Åsedøla på bru ved parkeringsplass. Følg stølsvegen 500 meter der Åsedøla kryssast på ny bru. Stølsvegen går forbi Kleppstølsvatnet Naturreservat og etter vel 1 km stig vegen oppover Rotelia / Brekkene. Etter 2,5 km er ein ferdig med den brattaste stigninga og Huksetstølen ligg på venstre hand. 500 meter lengre inne ligg Åsestølen på sørsida av Åsedøla. Lengst inne i dalen ligg Sollidstølen og på enden av stølvegen ligg Grimsetstølen der det er plassert ut postkasse med bok til å skrive namnet sitt inn i.

 The trip to “Grimsetstølen” goes on road suitable also for cycling and walking with pram. The walk starts by crossing the bridge over river “Åsedøla” by the parking lot. Follow the road 500 meters where “Åsedøla” is to be crossed on another bridge. Then the road passes “Kleppstølsvatnet Nature Reserve” and after about 1 km ascends up “Rotelia” / “Brekken”. After 2.5 km the steepest part of road will be finished, and “Huksetstølen” is located on the left hand. 500 meters further you reach “Åsestølen” on the south bank of river “Åsedøla”. Deeper into the valley lies “Sollidstølen” and at the end of the road “Grimsetstølen” Here is location of mailbox with the book to write your name.




Foto: Vidar Aase



Foto: Vidar Aase



Foto: Vidar Aase



Reiakvam

87 m.o.h.

Tur 13a – Bolteheia

Høgdeskilnad, m.o.h. /
Altitude, low / high, m.a.s.l : 87 – 740
Lengde / Distance t/r : 7,8 km.
Tid / Time t/r : 3 timar / hours.
Frå / From : Reiakvam



 Følg skogsvegen frå parkeringa og oppover i Reiakvamslia. Skogsvegen har mange sidegreiner, og det er viktig å følge merkinga for å finne fram. Etter å ha gått på skogsveg i ca. ein halvtime tek ein av til høgre og over på sti. Herifrå bratt opp lia til ein kjem til Annjestølen der det viser att etter gamle murar. Herifrå svingar stien til høgre før ein etter nokre hundre meter på nytt går bratt opp lia. Vel oppe får ein no flott utsikt nordover. Her svingar ein til venstre og følgjer fjellryggen vestover mot toppen. På toppen er det flott utsikt i alle himmelretningar. Sandfjellet mot aust, Blånipa mot nord, øyane i Flora i vest og Blegja i sør. Alternativ retur er å gå tur 13b frå toppen via Reiakvamstølen og tilbake til Reiakvam.

 Follow the forest road from the car park and up to “Reiakvamslia”. Forest road has many side roads, and it is important to follow marks to identify correct path. After going on a forest road for approx. half an hour, turn right and onto the trail. From here steep up the hill until you get to “Annjestølen” with remainings of old stone walls. From here the path turns to the right and after a few hundred meters again steeply up the hillside. Once up the hill you will have great views northwards. You then turn to the left and follow the ridge west towards the top. At the top there are great views in all directions. Mountain “Sandfjellet” to the east, “Blånipa” north, islands of “Flora” in the west and mountain “Blegja” in the south. Alternative return is route 13b from top via “Reiakvamstølen” and back to Reiakvam.

Tur 13b – Reiakvam - Bolteheia - Reiakvamstølen - Reiakvam (rundtur)

Høgdeskilnad, m.o.h. /
Altitude, low / high, m.a.s.l : 87 – 740 – 390
Lengde / Distance t / r : 12,7 km.
Tid / Time t / r : 4-5 timar / hours.
Frå / From : Reiakvam



 Følg turvegen til Bolteheia. (**tur 13a**) Frå toppen går ein vidare vestover fjellryggen og ein kjem etter kvart ned til stølsvegen mellom Horstad og Reiakvamstølen. Ta til venstre mot Reiakvamstølen. Herifrå går ein den gamle stølsstien tilbake retning Reiakvam. Etter kvart kjem ein tilbake til stikrysset der ein går opp på Bolteheia. Retur til Reiakvam langs skogsveg.

 Follow the path to mountain “Bolteheia”. (**route 13a**) From top follow mountain ridge westwards, and you will reach the farm road between “Horstad” and “Reiakvamstølen”. Turn left towards “Reiakvamstølen”. Continue along an old trail back in direction “Reiakvam”. After a while you will reach the crossing with trail to mountain “Bolteheia”. Return to “Reiakvam” along the forest road.





Foto: Jan N. Erdal



Foto: Jostein Stuhaug



Foto: Jostein Stuhaug



Kvernhushaugane

220 m.o.h.

Tur 14 – Svistølen (rundtur)

Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l : 220 – 363 – 322

Lengde / Distance t / r : 4,1 km.

Tid / Time t / r : 2 timar / hours

Frå / From : Kvernhushaugane



 Følg skogsvegen frå parkeringa forbi Kvernhushaugane og langs Kvernhuselva til Reset. Frå Reset kan ein følgje skogsvegen vidare til merka sti til Kletten. Til Svistølen tek stien til venstre innover i kupert skogsterreng. Etter å ha gått 200 meter deler stien seg og ein kan velje å gå over Heia eller å gå «skogstien» Turen høver godt som rundtur.

Over Heia : Nokre få bratte kneikar. Ein del av stien er på slette berg som kan vere glatte ved regn. Mange fine utsiktspunkt undervegs. Ved Storeled tek stien til høgre, følg den gamle stien som går mellom Helgås og Svistølen fram til post-kassa på Svistølen.

«Skogstien» : Stien ligg i hellande, kupert skogsterreng innover Helgåsberget. Fleire stader er det murar frå gamal tid der det har vore tilrettelagt for køyring med hest. Stien kjem inn på bøen nedanfor husa på Svistølen. Ta til venstre og opp til tunet på Svistølen.

 Follow the forest road from the car park past “Kvernhushaugane” and along river “Kvernhuselva” to “Reset”. From “Reset” you might follow the forest road to reach the marked path to “Kletten”. To “Svistølen” follow the trail to the left into the hilly forest terrain. After having walked 200 meters, path splits and you can choose to walk over “Heia” or to follow the “forest trail”. Tour is well suited as round trip.

Over “Heia”: A few steep hills. Part of the trail is on rock that can be slippery by rain. Many good viewpoints along the way. By “Storeled” path turns to the right, and follows the old path that runs between “Helgås” and “Svistølen” up to the mailbox on “Svistølen”.

“Forest path”: The path is located in descending hilly forest terrain following “Helgåsberget”. Several places remainings of old road constructions made for horses. The trail enters below the houses on “Svistølen”. Go left and up to “Svistølen”.






Foto: Kenneth Nøstdal



Foto: Jan N. Erdal



Foto: Jan N. Erdal



Mortensbakke

130 m.o.h.

Tur 15 – Mortensbakke - Naregga - Mortensbakke (rundtur)



Høgdeskilnad, m.o.h. /

Altitude, low / high, m.a.s.l: 130 – 602

Lengde / Distance : 7,3 km.

Tid / Time t / r : 3 timar / hours

Frå / From : Mortensbakke

 Frå parkeringa på Mortensbakke går ein gjennom tunet på garden. (Følg piler) Ta til venstre ved første skogsvegdele rett ovanfor innmarka. Følg skilting langs skogsveg / køyrespor / sti opp til Bakkestølen.

På Bakkestølen er det stidele med to turalternativ til toppen av Naregga. Turen via Helleberget er litt kortare, men brattare. Stien er merka over småkupert terreng og over flate bergparti før ein kjem opp under Helleberget. Her svingar stien og den går bratt opp mot stikrysset aust for toppen. Herifrå er det kort veg ut mot toppen.

Alternativ veg til toppen frå Bakkestølen er via Brunavatnet. Ta til høgre ved Bakkestølen og passer rett forbi hytte i skogen. Vidare austover over myrparti til ein kryssar bekk ved innløpet til Brunavatnet. Vidare på nordsida av Brunavatnet til ein svingar nordover oppover lia, så vestover opp fjellryggen. Følg stien vidare til toppen. Her har ein flott utsyn i alle himmelretningar. Turen høver godt som rundtur.

 From the car park at “Mortensbakke” pass through the yard on the farm. (Follow the arrows) Turn left at the first road fork, just above the fields. Follow the signs along forest road / driving track / path to “Bakkestølen”. On “Bakkestølen” path fork with two alternative paths to the top of mountain “Naregga”. The trip via “Helleberget” is a little shorter, but steeper. The trail is marked over hilly terrain and flatter rocky areas before you arrive below “Helleberget. Here the path turns and continues steeply to the path-crossing east of the top. From here it is a short distance out towards the top.

Alternative way to the top from “Bakkestølen” is via “Brunavatnet”. Turn right at “Bakkestølen” and pass the cabin in the woods. Further eastward across the moors to a stream-crossing at inlet to “Brunavatnet”. Then continue on the north side of “Brunavatnet” till you turn north up the hillside, then westwards up the ridge. Follow the path to the top. At the top you will have great view in all directions. The trip is well suited as a round trip.




Foto: Jan N. Erdal



Foto: Henning Malones



Foto: Anders Muldsvor



Foto: Henning Malones



Foto: Jan N. Erdal

